

# UTKAST TIL FELLES VERDISKAPINGSPLAN 2021 – 2024 FOR HYLLESTAD KOMMUNE OG HYLLESTAD NÆRINGSRÅD

## KVA TRENG VI?

## KVA MÅ GJERAST?

## KVA VIL VI OPPNÅ?

<p><b>Næringsarbeid i Hyllestad kommune.</b> Arbeide i fellesskap for å styrke næringsliv og busetting i kommunen. Ein skal alltid vere disponibel for oppgåver knytt til førstelinjetenesta og ta aktivt del i den nye verktøykassa frå Fylkeskommunen (nye verkemidlar for nærings- og samfunnsutvikling).</p>	<p>Følgje opp og vidareutvikle verdiskapingskapittel i kommuneplanen</p>	<p>Kompetent næringsapparat</p> <p>Utviklingsorientert kommune som sikrar god kopling mellom samfunnsutvikling og næringsutvikling</p> <p>Kommuneorganisasjon med fokus på næringsutvikling gjennom planar og handling</p>
<p><b>Styremøter HNR</b></p> <p>Leiar: Stian, nestleiar Anne Berit</p> <p>Sekretær: NK (næringskoordinator)</p>	<p>Styremøte vert halde min. 4 gonger pr. år. Møte vert halde når det fell naturleg eller når leiar eller min. 2 av medlemmene i styret krev det.</p>	<p>Styret i HNR bidreg til vekst og utvikling gjennom å følgje opp eller støtte tiltak som vi vere til gang for medlemmane, Hyllestad kommune, bygdene og nærmiljøa</p>
<p><b>Medlemsmøte HNR v/Leiar</b></p> <p>Sekretær: NK</p>	<p>Medlemsmøte vert halde minst 2 gonger pr. år. Eit av desse møta kan vere årsmøtet. Det skal kallast inn til medlemsmøte med 8 dagars varsel. Det skal haldast medlemsmøte når minst 20% av medlemmene krev det.</p>	<p>Hyllestad kommune og lokalt næringsliv har eit felles råd som medverkar til vekst og utvikling</p>
<p><b>Årsmøte HNR v/Leiar</b></p> <p>Sekretær: NK</p>	<p>Styret kallar inn årsmøtet med 8 dagars varsel innan utgangen av mars. Med innkallinga til årsmøtet fylgjer sakliste, rekneskap, årsmelding og framlegg til budsjett, samt andre saker som ein ynskjer lagt fram for årsmøtet.</p>	<p>Årsmøtet fastset omfang og retning på felles utviklingsarbeid</p>
<p><b>Prosjekt: Utvikling av HNR som medlemsorganisasjon</b></p>	<p>Gjere HNR synleg og attraktiv på nett og SoMe. Inkludere alle (tilsette, politikarar, næringsliv, organisasjonar og</p>	<p>HNR er ein attraktiv organisasjon for alle som ønskjer å delta i nærings- og samfunnsutvikling.</p>

# UTKAST TIL FELLES VERDISKAPINGSPLAN 2021 – 2024 FOR HYLLESTAD KOMMUNE OG HYLLESTAD NÆRINGSRÅD

## KVA TRENG VI?

## KVA MÅ GJERAST?

## KVA VIL VI OPPNÅ?

	<p>privatpersonar) som brenn for lokal næring- og samfunnsutvikling.</p>	<p>Hyllestad kommune, næringsliv og grasrota samarbeider tett for å oppnå attraktive lokalsamfunn og godt fungerande bu- arbeid- og serviceområde.</p>
<p><b>Havbruksgruppe v/Asbjørn</b></p> <p>Sekretær: Akvahub/NK ved behov</p>	<p>Samle næringa og leverandørar for å arbeide med innovasjon, framtidige arealbehov og auka verdiskaping og sysselsetting lokalt.</p> <p>Støtte opp om strategien partnerskapsavtale mellom Akvahub, FK, HK og nabokommunar - få å realisere ei stilling som kan jobbe målretta med næringsutvikling havbruk i HAFS-kommunane.</p> <p>Kystrådet – delta i kystsamarbeidet ved behov</p>	<p>HNR, Hyllestad kommune og næring relatert til havbruk har ein felles arena for påverknad og utvikling.</p>
<p><b>Reiselivsgruppe v/Franziska</b></p> <p>Sekretær: NK</p>	<p>Samle næringa for å kunne gripe fatt i aktuelle felles problemstillingar, og</p> <p>Sjå særskilt på potensialet og arbeidet med å bli UNESCO-lista geo- og regionalpark.</p> <p><b>Lokalt gjennomfører vi møter hos bedriftene. Det er verdifullt for utvikling av gruppa. Visit Fjordkysten er med på møta.</b></p> <p>Visit FjordKysten er destinasjonsselskapet for kommunane Hyllestad, Solund, Askvoll og Kinn. Hovudfunksjonen er marknadsføring og profilering av regionen som reisemål, i tillegg til produktutvikling og prosjektarbeid. Hyllestad kommune bør bruke medlemskapen sin meir aktivt.</p>	<p>Reiselivsnæringa, HNR og Hyllestad kommune har ein felles arena for påverknad og utvikling.</p> <p>Utvikle fleire og varierte arbeidsplassar</p> <p>Betre inntening i reiselivsnæringa gjennom tilrettelegging for meir overnatting, tilrettelegging for heilårsturisme, utvikling av gjestehamnene i Bøfjorden og på Sørbøvåg. Nyutvikling av Hyllestad gjestehamn.</p>

# UTKAST TIL FELLES VERDISKAPINGSPLAN 2021 – 2024 FOR HYLLESTAD KOMMUNE OG HYLLESTAD NÆRINGSRÅD

## KVA TRENG VI?

## KVA MÅ GJERAST?

## KVA VIL VI OPPNÅ?

<p><b>Regional- og geopark</b></p> <p><b>Leiar: Franziska</b></p>	<p>Etablere og utvikle regional- og geopark i tråd med prosjektmandat og i tett samarbeid med medlemmane, lokalsamfunn, kommunar og næringsliv.</p>	<p>Berekraftig samfunns- og næringsutvikling</p> <p>«Parken» er ein felles arena for kommunar og bedrifter for å formidle all natur- og kulturarv og gjere den tilgjengeleg for breie målgrupper (besøksenter, spennande geo-lokalitetar i landskapet, omvisingar, kurs, skuleprosjekt, digitale plattformer</p> <p>Utvikle næring- og reiseliv basert på bærekraftige prinsipp (miljøvenleg infrastruktur, opplevingstilbod, overnatting, lokalmat, handverksprodukt)</p> <p>Forvalte natur og kulturverdiar</p>
<p><b>Samferdsel og infrastruktur v/Kjell</b></p> <p>Sekretær ved behov: NK</p>	<p>Samle interessentane i prosjekt som gjeld vegar, turstiar, hamnar, leidningsnett, fiber, mobilnett og anna infrastruktur.</p>	<p>HNR, Hyllestad kommune og brukarar av samferdsle og infrastruktur har ein felles arena for påverknad og utvikling, både lokalt og regionalt.</p>
<p>Plan for breidbandssatsing v/Plan og utvikling</p>	<p>Utvikle breidbandstilbodet i takt med føresetnadene</p>	<p>Framtidsretta breidband for alle i kommunen</p>
<p><b>Næringslunsj – uformell møteplass v/ næringsklynga i Leirvik</b></p>	<p>Etablere ein uformell møteplass der Hotel Sognefjord serverer lunsj og deltakarane kan treffe andre frå næringslivet i kommunen. «Drodle», mindre presentasjonar, aktuelle tema og informasjon.</p>	<p>Uformelle nettverk og møteplassar for næringslivet. Bygge tillit og bygge vidare på godt omdøme</p>
<p><b>Kompetanse v/NK</b></p>	<p>Legge til rette for gjennomføring av felles aktuelle kurs og kompetansehevingstiltak.</p>	<p>Effektiv felles kompetansearena.</p> <p>Bygge tillit og bygge vidare på godt omdøme</p>

# UTKAST TIL FELLES VERDISKAPINGSPLAN 2021 – 2024 FOR HYLLESTAD KOMMUNE OG HYLLESTAD NÆRINGSRÅD

## KVA TRENG VI?

## KVA MÅ GJERAST?

## KVA VIL VI OPPNÅ?

<p><b>Årleg arrangement retta mot ungdom v/ NK</b></p>	<p>Utvikling av møteplass. Ungdommen i alderen 18-30 i og frå Hyllestad oppretthald kontakten med kvarandre, pleier trygge nettverk, og vert oppdatert på moglegheiter i heimkommunen.</p>	<p>Vi har etablert inkluderande møteplass for målgruppa og legg til rette for gode nettverk.</p> <p>Bygge tillit og bygge vidare på godt omdøme</p>
<p><b>Årleg arrangement retta mot gamle og nye innbyggjarar v/NK</b></p>	<p>Treffpunkt for nye og gamle innbyggjarar, der målet er å auke bevisstheita rundt kva som skapar trivsel. Innspel på å samarbeide med lag og organisasjonar, og fokusere på arbeidsgjevar si rolle som integreringsaktør</p>	<p>Inkluderande møteplassar</p> <p>Bygge tillit og bygge vidare på godt omdøme</p>
<p><b>Årleg arrangement retta mot NAV v/NK</b></p>	<p>Gjere lokalt næringsliv kjent gjennom mini næringsreise, bedriftsbesøk eller andre tiltak</p>	<p>Bygge tillit og bygge vidare på godt omdøme</p>
<p><b>Innpass i årlege arrangement retta mot kultur, fritid og næringsliv v/NK</b></p>	<p>Koordinere og bidra til næringslivet blir synleg på arrangement som t.d Kvernsteinsmarknad, Skifjorddagen,</p>	<p>Vi har utvikla eit godt samarbeid, alle aktørar er synlege og vi har bygge felles omdømme.</p>
<p><b>Temajobbing gjennom heile året.</b> V/Leiar, styret, ordførar, næringskoordinator, plan og samfunn – alt etter som ...</p>	<p>Etablere godt samarbeid mellom Dale VGS, Høyanger VGS, HNR, lokalskuleleiing, regionrådet, HAFS kommunane når det gjeld å behalde dei vidaregåande skulane.</p> <p>Jobbe for smartare rekruttering i regionen og busetjing i kommunen</p> <p>Auke samarbeidet med næringslivet generelt regionen</p> <p>Delta eller vere medarrangør på folkemøte eller høyringar som bidreg til næringsutvikling eller busetjing</p> <p>Eventuelt andre felles tema som ikkje fell naturleg inn under fokusgruppene</p>	<p>Behalde og vidareutvikle utdanningstilbod i regionen.</p> <p>Vi er eit solid nettverk som støttar opp om Dale VGS og Høyanger VGS som er ekstremt viktige for framtidig rekruttering til lokalt næringsliv.</p> <p>Legge til rette for fleire og varierte arbeidsplassar</p>

# UTKAST TIL FELLES VERDISKAPINGSPLAN 2021 – 2024 FOR HYLLESTAD KOMMUNE OG HYLLESTAD NÆRINGSRÅD

## KVA TRENG VI?

## KVA MÅ GJERAST?

## KVA VIL VI OPPNÅ?

<p><b>Hyllestad.info prosjekt</b></p>	<p>Hyllestad info er eit omdøme prosjekt der vi løftar fram alt det gode vi har i Hyllestad gjennom SoMe og gjer det tilgjengeleg på web. Medan hyllestad.kommune.no er organisasjonen sin formelle side, er Hyllestad.info samfunnet sin side. Hyllestad.info skal blant anna gi svar på kor kan eg bu, jobbe og kva kan eg gjere på fritida. Prosjektet kan støttast 50 prosent frå næringsfondet og 50 prosent intern bruk av personell i kommunen.</p> <p>Når prosjektperioden er over, skal Hyllestad.info over i drift.</p>	<p>Bygge tillit og bygge vidare på godt omdøme</p> <p>Synleggjere moglegheiter for gamle og nye innbyggjarar</p> <p>Gjere innbyggjarar stolte av kommunen, og skape eit samhald mellom innbyggjarane</p> <p>Vise mangfald, skape glede og bulyst.</p>
<p><b>Hyllestad.info i drift frå 2021</b></p>	<p>Driftsfasen omfattar vedlikehald, oppdatering og synleggjering i SoMe. Viktig at sida vert heldt levande og stadig synleg for innbyggjarane. Sida vil vere fundamentet som ein kan byggje fleire prosjekt og funksjonar ut av.</p> <p>Kontinuerleg jobbe med å vidareutvikle portalen som ein positiv kommunikasjonskanal for Hyllestad kommune.</p> <p>(Hyllestad kommune må ta stilling til korleis denne oppgåva skal implementerast i drift når prosjektperioden er over)</p>	<p>Fungere som Hyllestad kommune sin kommunikasjonskanal for innbyggjarane, organisasjonar og næringsliv.</p>
<p><b>DigiDeg – tilbod til innbyggjarar</b></p>	<p>DigiDeg skal gi opplæringstilbod til dei med låg digital kompetanse for å redusere utanforskap i Noreg og såleis bidra positivt til Noregs satsing på innovasjonar og digitalisering.</p> <p>DigiDeg skal ha aktivitetar som fremmar samfunnsentreprenørskap og trivsel.</p>	<p>Ein overordna digital strategi / paraply for ein digital Hyllestad kommune. Til eksempel er Hyllestad.info eit produkt av DigiDeg-satsinga.</p> <p>DigiDeg vil identifisere behov og iverksette prosjekt som resulterer i gode brukarløysingar for innbyggjarane.</p>

KVA TRENG VI?

KVA MÅ GJERAST?

KVA VIL VI OPPNÅ?

	<p>DigiDeg handlar om å gi «riktige sko» til innbyggjarane og syte for at dei har moglegheit til å bli med på utviklinga.</p> <p>DigiDeg skal bidra til at den digitale kommunikasjonen ut til innbyggjarane er til stades og fungerer.</p> <p>Aktivt planlegge gode DigiDeg tiltak for innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar og aktivt søkje midlar til finansiering av prosjekta.</p>	<p>Inkludere fleire. Bidra til betre folkehelse og helseøkonomi ved å lære innbyggjarar til bruke innovasjonar og velferdsteknologi både når det gjeld førebygging og når behovet er der.</p>
<p><b>LivOGLyst</b></p>	<p>LivOGLyst ein metodikk og nettverk i regi av Fylkeskommunen og Innovasjon Norge for dei som ønskjer å vidareutvikle lokalsamfunnet sitt.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- ei satsing der menneske, næringsliv, organisasjonar og kommunar samhandlar.</li> </ul> <p>Vi kan i fellesskaps bygge lokal identitet, trigge til bulyst og styrke lokalt næringsliv.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidareføre og utvikle dei pågåande prosjekta LivOGLyst Bøfjorden og LivOGLyst Hyllestad saman med prosjekteigarane.</li> </ul>	<p>Vi bruker effektiv og utprøvd metodikk ved vidareutvikling av lokalsamfunnet</p> <p>Vi har eit sterkt samarbeid mellom grasrota, næringslivet og Hyllestad kommune</p>